

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: V.Slidre.

Emne: Veving

Bygdelag: Øyebygde i Røn.

Oppskr. av G.Kirkevoll.

Gard: Kirkevoll.

(adresse): Jomfrubraatvn.25,  
Bekkelagshøgda.

G.nr. 66 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Eige røynsle etter det eg var med mor.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Mannsklær var for det meste av vøddmaal-sauegraatt eller Umlag 100 aar sidan farga svart. ~~IXKXKXKX~~ var kvit jakke, rau, grøn eller ruta vest, svart knebrok med spjeld og kvite strømper ~~VXK~~ festbunad. - Vøddmaalet kunna vera baade tvoskaft, treskaft og fireskaft. Firskaft vart rekna for best. Difor ~~meitte~~ det etter Timann Skrøviken som brukte aa rive sunde brøkane paa karane naar han drogst med dei: "Heimevøve, firskaft vøddmaal maa dei ha i broken si dei sø ska dragast ved Skrøvikguten".

Gamle sliftebrev (umlag 225 aar sidan) syner at det var i bruk baade raue og grøne klædestrøyor som sikkert har vore stasplaggi, men det syner seg og at det ~~meite~~ truleg vøddmaalsklær som var mest til vanleg bruk. - Flasketrøyor var vel den som kom etter den gamle kufta med belte um livet. So kom sidtrøya, stutt-trøya, rundtrøya og tilsist den me har no. Trøya har soleis skifta førm 4 gonger paa umlag 100 aar. - Snøsokken var eit herleg plagg som maa takast med.

2. Kvinneklær var og mest av vøddmaal-rinda eller einlett til vinterbruk-meir halvull og ruta til sumarbruk. I Dei sama gamle skifto staa det ~~XKXKXK~~ baade um tvinna toskaft og treskaftstakkar, um sorte vaddmelstakkar, semska skinnstakkar med ymse farga "oferlif" .

3. Underbuktor var lite brukt. Sjurtor av lerrift og undertrøyor av raut, ufora vøddmaal var ein del brukt njaa karane daa eg vaks upp. Halvullsjurtor kom og i bruk.

Før leriftsjortene var det strie som var i bruk. Kvinnfolkene hadde striserker med lerreds overdel. Mange var det vist som hadde berre ei sjel og ei sjurte. Naar denne sjurta iblant skulde vaskast so gjekk dei "ullbelg"(gaa utan sjurte). Skjortene var av heimevove, kvitt bomuldsgaarn mest alltid tvoskaft. Til ein kvinnfolkserk gjekk det 4 alner. I ei kar-skjurte umlag 5. Det vart rekna 2 skjurtor paa kvar i aaret.

4. Sengeumheng var tynnare ty.

5. Til sengetøy var det kvitilvevna (grovrinda vøddmaalsvevna). Bløyer (laken) lerriftsvevna, det var det i putevør ogso. Sengetepper var mykje av halvull med ruta mynster, men og av bomull.

6. Dukar og serviet-vevna var det lite av.

7. Det vart brukt ein del strinandklær, men vanlege handklær vart take av lerriftsvevnaden, (skjorteveven).

Dei vissaste vevane var vøddmaalsvev, stakksvev, kvitilvev, skjurte eller leriftsvev og teppevev. Nokon dreiv og Aaklæveving og dreielsveving.

12/4-1954